



Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Område for friluftsliv

**Kartlegging og verdsetting av regionalt
viktige område i Hordaland**

Prosjektrapport 2008



FØREORD

Friluftslivet kjenner ingen kommunegrenser. Folk oppsøker område og stader dei har lyst til å bruke og som høver for den aktiviteten dei ønskjer å drive med. Ifølgje nasjonale mål skal alle lag og grupper av befolkninga ha høve til å drive med friluftsliv, anten i nærmiljøet eller i naturen elles. Å sikre friluftslivspolitikken til alle er såleis ei samansett og utfordrande oppgåve. Oppfølging av friluftslivspolitikken må i stor grad skje gjennom langsiktig planlegging og arealforvaltning. Hovudansvaret ligg til kommunane, som saman med fylkesmannen, fylkeskommunen og sentrale styresmakter skal følgje opp nasjonale og regionale mål.

Allemannsretten er lovfesta gjennom Lov om friluftsliv av 1957. Men utviklinga viser at areal som har verdi for utøving av friluftsliv gradvis vert redusert og bygd ned. Dette gjer det vanskeleg å følgje opp statlege, regionale og kommunale mål innan arealbruk, folkehelse, friluftsliv og oppvekstmiljø for barn og unge.

For å sikre at areal som er viktig for ulike friluftslivsaktivitetar ikkje forsvinn eller vert forringa treng vi kunnskap. Dette er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i "Friluftslivets år" 2005 i fellesskap starta opp ei kartlegging av areal som vert nytta og har verdi for friluftslivet. Prosjektet "Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland" er ei oppfølging av fylkesplan for Hordaland 2005-2008 og fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005.

Kartleggings- og verdsettingsarbeidet er basert på metodikk utvikla av Direktoratet for naturforvaltning, tilpassa regionalt nivå. Resultatet av prosjektet er ein tematisk presentasjon av data om friluftsområde som skal nyttast som grunnlag for arealplanlegging og sakshandsaming. Data i kart og tabell er ikkje juridisk bindande. Kommunane må sjølve innarbeide desse i arealplanar etter plan- og bygningslova.

Denne rapporten er ei kortfatta oppsummering av metode og resultat av arbeidet. Vidare viser vi til aktuelle oppfølgingsprosjekt for å vidareføre og betre kunnskapsgrunnlaget om friluftslivet. Framover er det viktig at kommunane sjølve tek ei aktiv rolle i arbeidet med å kvalitetssikre informasjon om friluftsområde lokalt og regionalt.

Kart og anna informasjon er tilrettelagt for lesing på internett. Målgruppa er i første rekkje dei som arbeider med arealplanlegging og ikkje turplanlegging.

Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune vil rette ein stor takk til prosjektgruppa og alle personar i kommunane og organisasjonane som har bidratt med arbeidsinnsats og kunnskap i prosjektet "Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland".

Bergen, oktober 2008



Terje Aasen

Fylkesmiljøvernssjef
Fylkesmannen i Hordaland



Jan Per Styve

Direktør for strategi- og næringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

INNHALD

FØREORD	2
INNHALD.....	3
Område for friluftsliv - kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland...	4
Innleiing	4
Metode.....	4
Organisering og arbeidsprosess	4
Avgrensing av kartleggingsområde.....	5
Kartlegging og typekategorisering	6
Områdetypar.....	7
Verdsetting av enkeltområde.....	7
Verdsettingsskjema	7
Verdivurdering	8
Regional standard: ei utfordring.....	9
Kartpresentasjon og tilrettelegging for internett.....	9
Hovudtrekk frå kartlegginga	9
Nettbasert kartteneste	10
Eigenskapstabell.....	10
Bruk og oppfølging	10
Arealforvaltning og planlegging	10
Relevante politikkområde.....	11
Vidareføring	11
VEDLEGG	13
Vedlegg 1	13
Medlemmer i styringsgruppa:	13
Kontaktpersonar i kommunane:	13
Vedlegg 2	14
Litteratur og kjelder.....	14
Vedlegg 3: Oversiktskart med basisinformasjon frå kartleggings- og verdsettingsarbeidet	16
Vedlegg 4: Eigenskapstabellar	17

Område for friluftsliv - kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland

Innleiing



Kunnskapen om friluftslivsområde av regional verdi i Hordaland var moden for ei oppdatering da Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i 2005 i fellesskap starta opp prosjektet "Kartlegging og verdsetting av regionale område for friluftsliv i Hordaland". Eksisterande registreringar skreiv seg frå 1988. Prosjektet er ei oppfølging av fylkesplanen og fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2002-2005). Kartleggings- og verdsettingsarbeidet pågjekk hovudsakleg i 2006-2007, og tilrettelegging for presentasjon av materialet ved hjelp av GIS-verktøy og internett er utført i 2008.

Kartleggings- og verdsettingsarbeidet er basert på metode utvikla av Direktoratet for naturforvaltning (Handbok 25-2004 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder) men forenkla og tilpassa regionalt nivå. Resultatet av arbeidet ligg føre som fylkesdekkande kart på www.norgedigitalt.no og på fylkeskommunen si kartteneste

www.kart.igest.no/hordaland. Det er i tillegg laga ei informasjonsside på Hordaland fylkeskommune sine nettsider på www.hordaland.no/kommunedora/regionale_friluftsomrade. Verdsettingsdata for dei områda som har vore med i kartlegginga er tilgjengeleg i tabellform med talverdiar og kartreferansar.

Metode

Organisering og arbeidsprosess

Arbeidet har vore organisert med ei styringsgruppe samansett av representantar frå fylkeskommunen, fylkesmannen, to kommunar, samt representant frå Forum for natur og friluftsliv i Hordaland (FNF), (sjå vedlegg 1). Til å utføre arbeidet var det engasjert ein prosjektleiar som til dagleg er tilsett i Bergen og Omland Friluftsråd (BOF). I tillegg har det vore i funksjon ei arbeidsgruppe med representantar frå fylkeskommunen, fylkesmannen, FNF, Hordaland Jeger- og fiskeforening samt prosjektleiar.

GIS-ekspertise frå fylkeskommunen er trekt inn i arbeidet.



Den indre farleia med Lindåsslusane: regionalt friluftsområde med potensiale for reiseliv. Foto: Ann Steindal

Informasjon om friluftsområde er henta frå eksisterande kjelder (sjå vedlegg 2), som kommuneplanar, turkart, turbøker, båtsportkart og kystatlas, samt ressurspersonar. Alle dei 33 kommunane i Hordaland har peika ut ein kontaktperson til å bistå i arbeidet (sjå vedlegg). I samarbeid med desse og andre

lokale ressurspersonar var det laga utkast til kart og verdsettingskjema som så vart gjennomgått i styringsgruppe og arbeidsgruppe før materialet var sendt kvar kommune på høyring.

Materialet var sendt på høyring til kommunane i fleire puljar. Prosjektet måtte vere avslutta innan tilmålt tid, og nokre av kommunane som ikkje responderte innan høyringsfristen har difor ikkje fått inn moglege siste justeringar av dataene. Fordi kartdataene er knytta til Norge Digitalt-systemet, ligg det imidlertid til rette for at innhaldet i kartet kan justerast og forbetrast. Om det temakartet som vert lagt på nettet ved prosjektslutt ikkje skulle vere 100% i tråd med kommunane sine ønskjer etter høyringsrunden, vil det likevel vere høve til oppdatering og endring seinare.

Nokre av kommunane ønskte å utsette arbeidet eller dei ville ikkje ta stilling til høyringsforslaget fordi dei ville ta det opp i samband med rullering av kommuneplanen. Alle kommunane er likevel med på kartet, då basert på andre kjelder og vurderingar i styringsgruppe/arbeidsgruppe.

Arbeidsprosessen har omfatta følgjande steg:

1. Avgrensing av kartleggingsområde
2. Kartlegging/typekategorisering
3. Verdsetting/verdivurdering
4. Kartpresentasjon og tilrettelegging for internett

Avgrensing av kartleggingsområde

Arbeidet vart avgrensa til å omfatte nasjonale og regionale friluftsområde. Det dreier seg i hovudsak om areal i Landbruks- natur- og friluftsområda (LNF-områda) i kommuneplanen, ikkje areal i byggeområde og andre tettbygde område. Mindre, tettstadsnære område som grønstruktur og andre område som ofte er viktige for barn og unge vart haldne utanom, sjølv om slike areal har spesiell fokus i den nasjonale areal- og friluftslivspolitikken.



På veg ned Tippetue. Få område har fleire brukarar enn byfjella i Bergen. Foto: Liv Sundheim



Skituren mellom Kvamskogen og Hamlagrø er ein klassikar. Foto: Synnøve Gjermundsnes

Omgrepet **regionale friluftsområde** er her nytta om område med stort nedslagsfelt og mange brukarar, anten totalt eller i forhold til folkemengda i regionen. Brukarane kan kome frå fleire kommunar. Det dreier seg i hovudsak om større, samanhengjande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet, men kan og vere mindre område med spesielle kvalitetar som gjer at dei har regional verdi. Typiske regionale friluftsområde i fjellet er Kvamskogen og Sysendalen, inkludert tilkomstkorridorar og

oppmarsjområda frå hytteområde/busetnad og veg. Båtutfartsområde i skjergarden i Austevoll og

nærområda til vatn og vassdrag i Os er døme på område med regional verdi. Større område nær by og større senter (markaområde) som Byfjella i Bergen kjem inn under denne kategorien. Nokre av de regionale friluftsområda har i tillegg nasjonal verdi, då dei og vert nytta av folk frå andre deler av landet eller utlandet. Typiske nasjonale friluftsområde er større sentrale fjellområde som Hardangervidda og viktige kystavsnitt.

Kvart enkeltområde er avgrensa og lagt inn på digitale kart. Dei er identifiserte med m.a. kommunenummer, områdenummer og namn (døme: område 1247-5 er område nr. 5, Kolbeinsvarden i Askøy kommune). Arbeidet omfattar i alt 475 enkeltområde.

Avgrensinga av enkeltområde viste seg å vere ei utfordrande oppgåve, spesielt der områda grensar mot bebygd areal.

Undervegs i prosessen og etter høringsrunde i kommunane vart fleire områdegrensar justerte.



Hordaland har mange storslåtte fjellområde. På veg opp frå Kjeåsen, Eidfjord. Foto: Christoffer Knagenhjelm

Det er naudsynt å presisere at kartleggingsarbeidet er grovmaska, då omfanget og ressursane som har vore tilgjengeleg i prosjektet har vore avgrensa. Dette gjer at det er grunnlag for å gå grundigare inn i kunnskapsgrunnlaget gjennom ulike oppfølgingsarbeid i alle kommunane.

Kartlegging og typekategorisering



Hellneset i Bergen, eit område med fleire funksjonar: klatring, fisking, bading og soling. Foto: Liv Sundheim

Kartleggingsarbeidet er gjennomført etter metode skildra i Håndbok 25-2004

”Kartlegging og verdsetting av friluftsområde”, men i forenkla og tilpassa versjon. Områda er kategorisert i områdetypar basert på handboka. Typane seier noko om området sin bruk eller funksjon.

Tabellen neste side viser kva områdetypar som har vore nytta i arbeidet. I tabellen har områdetypane og ein ”naturkode”.

Områdetypar

Områdetype	Kode
Grønkorridor	GK
Marka	MA
Strandsone	SS
Utfartsområde	UO
Store turområde utan tilrettelegging	TU
Særlege kvalitetsområde	SK

Eitt og same område kan ha fleire funksjonar jamvel om kvart område er registrert med berre ein kode. Område verna etter naturvernlova er tatt med dersom dei er ein del av eit større friluftsområde og har verdi for friluftslivet (døme: Hardangervidda og Folgefonna nasjonalparker).

Sikra friluftsområde - dvs. område som er sikra ved offentleg kjøp eller avtale - er eige karttema på Kartinvest (vist med symbol) og i Naturbasen, men har ikkje vore gjenstand for verdsetting i vårt prosjekt.

Avvik frå DN sin metode

Det er nytta færre områdetypar enn i DN-handboka. Mens det i denne er nytta 11 typer har vi funne det hensiktsmessig å begrense dei til 6. Dette for å forenkle arbeidet, og fordi nokre typar er av mindre relevans for regionalt nivå.

Verdsetting av enkeltområde

Alle dei kartlagde områda er verdsette etter 9 utvalde kriterier. For kvart av kriteriene er det gitt poeng frå 1-5, sjå graderingsskala til høgre i tabellen under.

Verdsettingsskjema

Kriterier	Forklaring	Graderingsskala				
		1	2	3	4	5
Bruk	Kor stor er dagens brukarfrekvens?	Liten				Stor
Nasjonale / regionale brukarar	Vert området brukt av personar frå heile landet / regionen?	Sjeldan				Ofte
Opplevingskvalitetar	Har området spesielle natur – eller kulturhistoriske opplevingskvalitetar? Har området eit spesielt landskap?	Ingen				Mange
Symbolverdi	Har området ein spesiell symbolverdi?	Liten				Stor
Eigna	Er området spesielt godt eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar som det ikkje finst like gode alternative område til?	Dårleg				God
Inngrep	Er området inngrepsfritt?	Utbygd				Inngrepsfritt
Potensiell bruk	Har området potensial utover dagens bruk?	Liten				Stor
Tilrettelegging	Er området tilrettelagt for spesielle grupper eller aktivitetar?	Ikkje tilrettelagt				Høg grad av tilrettelegging
Tilgjengeligheit	Er tilgjengeligheita god, eller kan den bli god?	Dårleg				God

Det kan variere kor mange brukarar som skal til for at eit område vert vurdert til å ha stor bruk. Eit område utanfor tettbygd strøk kan derfor få høgare verdsetting sett ut frå tal brukarar enn eit område som ligg tettare opp til store befolkningsgrupper.

Kriteriene kan ha ulik gradering i dei ulike områdetypene. Spørsmålet om eit område vert mykje brukt vil til dømes bli tolka ulikt i eit område for alpingsport og i eit markaområde. På same måte kan nokre område vere viktig for spesielle aktivitetar, som elvepadling og klatring, medan det elles ikkje vert nytta av folk flest.

Avvik frå DN sitt verdsettingsskjema

Også når det gjeld verdsettingskategoriar er talet redusert i forhold til dei som er nytta i DN-handboka, av same grunn som at talet på områdetypar vart redusert.

Verdivurdering

Kvart av dei kartlagde friluftsområde er vurdert slik at dei framstår med ein totalverdi etter graderinga, anten som **A-, B- eller C-område**, dvs. ”svært viktig”, ”viktig” eller ”registrert”. Ein eller fleire av



kriteriene som blir brukt må gjelde (”slå ut”) for at området skal få aktuell gradering. Det er nok at eit område får *ein* femmar (5 på graderingsskalaen) blant dei sju utvalde kriteriene for at det skal bli A-område.

På kartet er verdsettinga vist med følgjande fargekoder: **A = raud, B = mørk gul, C = lys gul.**

Dette er illustrert på kartet i vedlegg 3. Tabell med alle områdeegenskapane ligg i vedlegg 4.

Stølar og andre kulturminne i fjellet aukar opplevingsverdien. Frå Granvin. Foto: Christoffer Knagenhjelm.

Verdi		Kriterier
A	Svært viktig friluftsområde	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk = 4, 5 eller • Regionale / nasjonale brukere = 4, 5 eller • Opplevelseskvaliteter = 5 eller • Symbolverdi = 5 eller • Egnethet = 5 eller • Tilrettelegging = 5 eller • En generell høy skåre
B	Viktig friluftsområde	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk = 3 eller • Regionale / nasjonale brukere = 3 eller • Opplevelseskvaliteter = 3, 4 eller • Symbolverdi = 3, 4 eller • Egnethet = 3, 4 eller • Tilrettelegging = 3, 4 eller • En generell god skåre
C	Registrert friluftsområde	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk = 2

Avvik frå DN sine verdsettingskategoriar

I DN-handboka er det nytta 4 kategoriar: A, B, C og D, der D er "ikkje-klassifisert friluftslivsområde". dvs. ein restkategori som ikkje vert klassifisert som A, B eller C. I vårt prosjekt har alle område som er vist på kartet altså vore gjennom ei verdivurdering og vurdert til å ha ein faktisk verdi som friluftsområde.

Regional standard: ei utfordring

Det har vore ei utfordring å skape ei standardisert verdsetting av områda når arbeidet har vore basert på medverknad frå 33 ulike kommunar. Vi har etter beste skjønn prøvd å ta på oss "regionale briller" under arbeidet. Dette kan nok ført til at nokre kommunar meiner at "deira" område er blitt undervurderte, mens andre vil meine områda er overvurderte og at dei ville prioritert annleis.

Det er viktig å ha klart for seg at dette prosjektet er eit pionerarbeid. Vi har utprøvd og tilpassa ein metodikk som i utgangspunktet er laga for mindre einingar og kommunalt nivå. Vi har forenkla metoden for å tilpasse denne til eit overordna geografisk nivå. Resultatet er blitt ei grovmaska kartlegging som kan vise seg å vere unyansert og utilstrekkeleg når ein arbeider med mindre geografiske einingar i ein kommune. Målet er at materialet skal kunne forberast og utviklast vidare i samspel med kommunane for å få skaffa til veie eit best mogleg kunnskapstilfang om friluftsområde som grunnlag for forvaltning og planlegging.

Kartpresentasjon og tilrettelegging for internett

Hovudtrekk frå kartlegginga

Ser ein på fylkeskartet (jmf. vedlegg 3) under eitt trer det fram eit klårt mønster der indre delane skiljer seg frå dei ytre. I dei indre delane av fylket, Hardanger og indre Sunnhordland utgjør friluftslivsområda store samanhengande område. Her er det fjellområda som gir utslaget, medan det meste av arealet på kyststripa langs fjorden er oppteke av busetnad og jordbruksland.

Ved kysten i vest er mønsteret eit anna. Friluftslivsareala framtrer her som meir oppsplitta. Dette illustrerer både eit anna busetnadsmønster og ein annan landskapstype med skjergard, sund og vikar. På desse kantar er det kystområda som er mest attraktive for utøving av friluftsliv. Det er også her ein finn dei største befolkningskonsentrasjonane og det sterkaste presset på areala.

Det vert ikkje gitt detaljert skildring av kvar kommune og kvart område i denne rapporten. Data er tilgjengeleg på kart og i eigenskapstabell på internett. Dei ligg også som vedlegg til denne rapporten som illustrasjon.



**Hordalandsskjergarden er eit eldorado for padling. Frå Austrheim.
Foto: Liv Sundheim**

Nettbasert kartteneste

Kartdataene er tilgjengelege på www.norgedigitalt.no og som temakart på den fylkeskommunale karttenesta www.kart.ivist.no/hordaland. Kartinvest er knytta til Norge Digitalt-systemet, der stedfesta data vert vedlikehaldne etter avtalte rutinar. Prosjektet har også vore eit nybrottsarbeid for fylkeskommunen si satsing på geografiske informasjonssystem (GIS). Data vil på noko sikt òg bli tilgjengeleg i [Naturbasen](#), som vert administrert av Direktoratet for naturforvaltning/Fylkesmannen.

På karttenesta kart.ivist er ”Regionale friluftsområde” eit av fleire temakart. Dei kartlagte og verdsette områda er vist på kart med fargekodar og er predefinerte, dvs. at det er denne informasjonen som kjem opp når ein veljer dette temakartet. Ved å zoome inn i kartet kjem det også opp punktinformasjon som viser sikra område m.m. Dataene kan også kombinerast med øvrige tema på Kartinvest.

I tillegg er det laga ei pdf-utgåve av kartet som viser basisinformasjonen frå kartlegginga, dvs. A, B og C-områda. Kartet er påført områdenummer for kvar kommune. Pdf-kartet og eigenskapstabellen (sjå under) er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no/kommunedora, regionale friluftsområde.

Eigenskapstabell

Eigensapsdataene for alle dei 475 enkeltområde i dei 33 kommunane er å finne i Excel-tabellen som er knytta til kartframstillinga. I denne eigenskapstabellen kan det hentast ut informasjon om kvart enkeltområde. Tabellen inneheld data om områdeidentitet, naturkode, areal, område, områdetype, verdsetting og skåre frå 1 – 5 på kvar av verdsettingskriteriene bruk, regional/nasjonal, opplevingsverdi, symbolverdi, egnetheit, inngrepsfri, potensiell bruk, tilrettelegging og tilgjengelegheit, med samla verdirangering 1 (A), 2 (B) og 3 (C) i siste kolonne. Resultatet for Askøy kommune er vist som døme i tabellen under:

NYID	NAT	KOMM	AREAL	LO	OMRÅDE	OMRÅDETY	VERDSE	BR	RE	OP	SY	EG	IN	P	TIL	TIL	VE
1247-1	SS	Askøy	975	1	Eidsviki	Strandsona	C: Registr	2	2	3	2	3	3	4	3	3	3
1247-10	SS	Askøy	19865	10	Fauskangs	Strandsona	A: Svært	4	4	4	3	3	3	3	3	3	1
1247-11	SS	Askøy	13358	11	Herdla	Strandsona	A: Svært	5	5	4	4	4	3	3	3	3	1
1247-12	SS	Askøy	1409	12	Berlandsø	Strandsona	C: Registr	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-13	MA	Askøy	1315	13	Fromreide	Marka	C: Registr	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-14	SS	Askøy	7093	14	Oksen og	Strandsona	A: Svært	4	4	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-2	SS	Askøy	14808	2	Skorpo og	Strandsona	A: Svært	5	5	4	3	3	3	3	3	3	1
1247-3	MA	Askøy	1889	3	Follese ma	Marka	B: Viktig	3	3	3	2	3	3	3	3	3	2
1247-4	MA	Askøy	506	4	Dyrdalsfjell	Marka	B: Viktig	3	3	3	2	3	3	3	3	3	2
1247-5	MA	Askøy	4411	5	Kolbeinsva	Marka	A: Svært	4	3	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-6	MA	Askøy	14882	6	Dronninge	Marka	A: Svært	4	3	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-7	SS	Askøy	1949	7	Kollevåg	Strandsona	A: Svært	5	5	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-8	MA	Askøy	11083	8	Ospåsen	Marka	C: Registr	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-9	SS	Askøy	2417	9	Skotnes	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2

Bruk og oppfølging

Arealforvaltning og planlegging

Målet med arbeidet var å få ein betre reiskap for kommunar og regionale styresmakter i arealplanlegging, arealforvaltning og sakshandsaming. Arbeidet som er utført er ein gjennomgang av utmarksområda i fylket for å kartlegge viktige funksjonar og bruk for friluftslivet. Omsett til kategoriane i kommuneplanen vil det seie at det er F-delen i LNF-områda som er nærare belyst.



Å ta vare på barn sine leikeområde er viktig i den kommunale planlegginga. Foto: Liv Sundheim

Registreringane frå prosjektet kan takast i bruk som grunnlag for planlegging slik det no ligg føre. Grensene har ikkje juridisk verknad før kommunane eventuelt legg dei inn i arealplanar i medhald av plan- og bygningslova, som reguleringsplanar eller kommuneplanar. Materialet er kopla mot arealforvaltning og planlegging og er ikkje retta inn mot turplanlegging.

For kommunane bør dette vere eit godt eigna grunnlag for arbeidet med kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar. På kommunenivået vil ei meir finmaska vurdering, der også lokale område inngår, vere aktuelt.

I DN si handbok er det føreslått følgjande oppfølging/konsekvens for arealforvaltning og bruk:

Verdi	Aktuell oppfølging/konsekvens for arealforvaltning og bruk
A - svært viktig friluftsområde	Områder der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging.
B - viktig friluftsområde)	Område der det ikkje bør skje inngrep som fører til at funksjonen som friluftsområde vert forringa
C - registrert friluftsområde	Områder der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiane

Relevante politikkområde

Kunnskap om friluftsområde er relevant i samband med innsats på fleire viktige politikkområde, som forebyggjande folkehelse, universell utforming, sikring av friluftsområde og grøntområde, oppvekstområde for barn og unge og reiseliv. Innan reiselivet vert det no satsa meir og meir på på naturbaserte aktivitetar, og attraktive friluftslivsområde vil såleis ha ei rolle også for verdiskapinga i fylket.

Vidareføring

Vi håper at dette arbeidet kan ha overføringsverdi for kartleggingsarbeid i andre fylke og på kommunenivået.

Det vil vere naudsynt å arbeide vidare med å betre kunnskapsgrunnlaget om folk sin bruk av friluftsområde. I denne samanheng vil det vere nyttig å trekke inn lokale turlag, velforeiningar og andre brukargrupper for å få ein grundigare gjennomgang av ulike areal sin verdi for friluftsutøving lokalt og regionalt.



Kanopadling er ein fin familieaktivitet og Flatråkervassdraget på Tysnes eit veileigna område. Foto: Liv Sundheim

I kommunane vil eit lokalt kartleggingsarbeid vere viktig i samband med utarbeiding av kommunedelplanar for idrett/fysisk aktivitet/friluftsliv, og for at kommunen skal få oversyn over aktuelle friluftsområde som bør sikrast ved hjelp av statlege og andre offentlege midlar.

Fylkesmannen og fylkeskommunen vil oppmode kommunane til å ta fatt i dette arbeidet, anten som eige prosjekt eller integrert i prosessar knytt til revisjon av kommuneplanen.

I bustadområda er tilgang til sjø og strand ein viktig trivselsfaktor, samtidig som at utbyggingspresset i strandsona er stort.

Foto: Liv Sundheim



VEDLEGG

Vedlegg 1

Medlemmer i styringsgruppa:

Marit Rødseth Hordaland Fylkeskommune (prosjektansvarleg/leiar i styringsgruppa)
Liv Sundheim Hordaland fylkeskommune
Anniken Friis Fylkesmannen i Hordaland
Jon Nedkvitne Kvam Herad
Arne Kringlen Fjell kommune
Sølve Sondbø Forum for Natur og Friluftsliv, Hordaland / Bergen Turlag
Frithjof Fosse Bergen og Omland Friluftsråd (prosjektleder)

Kontaktpersonar i kommunane:

Askøy	Målfrid Eide
Austevoll	Lars E. Horgen
Austrheim	Arne Aven
Bergen	Tom Sandahl
Bømlo	Njål G. Slettebø
Eidfjord	Gunnar Elnan
Etne	Eirik Kvalheim
Fedje	Åge Husa
Fitjar	Ove Gjerde
Fjell	Arne Kringlen
Fusa	Erik Vangsnes
Granvin	Kjersti Finne
Jondal	Ragnvald Joakimsen
Kvam	Jon Nedkvitne
Kvinnherad	Anbjørn Høivik
Lindås	Terje Villanger
Masfjorden	Kjersti Furnes
Meland	Sveinung Toft
Modalen	Terje Danielsen Kvamme
Os	Åsmund Lien
Osterøy	Aud Raknem
Odda	Rolf Bøen
Radøy	Asbjørn Toft
Samnanger	Hans Kristian Stenerud
Stord	Sylve Rusten
Sund	Frode Glesnes
Sveio	Marit Liknes
Tysnes	Asle Bernt Rekve/Carl O. Olsen
Ullensvang	John Ove Rørnes
Ulvik	Heming Lunestad
Vaksdal	Per Nordmark
Voss	Gunnar Bergo
Øygarden	Råmund Skjold


Vedlegg 2

Litteratur og kjelder

- Kartlegging og verdsetting av friluftsområder, DN håndbok 25-2004
- Friluftslivkartlegging Sjunkan-Misten, Berg Geomatics 2005
- Friluftslivet i Hordaland, handlingsprogram utgitt av Hordaland Fylkeskommune, 1988
- Registrering av Friluftsområder fra FRIDA registeret, Fylkesmannen i Hordaland, 1989
- Regionale område for friluftsliv i Hordaland – kartlegging og verdsetting, prosjektplan
- Fylkesdelplan for friluftsliv i Hordaland, 1994
- Kommunedelplan for Kvamskogen, forslag til rullering for perioden, 2004-2013
- Kommuneplan for Kvam, 2005 – arealdelen
- Grøntstrukturanalyse for Kvamskogen, Norsk Naturinformasjon
- Utgreiing om viktige landbruks- natur og friluftsområde, Fjell kommune 2004
- Kommuneplan for Fjell - arealdelen, 2006-2017
- Kommuneplan for Eidfjord - arealdelen, 2001
- Kommuneplan for Voss– arealdelen, 2003
- Kommuneplan Os– Arealdelen, 2001
- Grønn plan Os, 2000
- Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Os, 2004-2007
- Kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv i Os, 2000-2003, vedlegg med registrering av turløyper
- Kommuneplan for Meland– arealdelen, 2005
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar i Meland, 2004-2011
- Kartlegging og verdisetting av viktige naturtyper i Radøy. Radøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2004
- Kommuneplan for Radøy– arealdelen, 2005
- Den indre farleia – Bergen Nordhordland. Areal og forvaltningsplan. Asplan Viak, 2004
- Turkart for Lindås og Radøy, 2005
- Kommuneplan for Lindås - arealdelen, 2003
- Padlekart for Lindås, Bergen og Omland Friluftsråd 2006
- Turpadling i Norge, Øystein Køhn 1983
- Turkart Hardangervidda vest, 1999
- Turkart Os kommune, 2004
- På mjuke stiar og flotte fjell i Os, Gudrund Heggland og Os kommune 2004
- Turkart Hardangervidda, 2001
- Turkart Raundalen Flåmsdalen, 1992
- Turkart Stølsheimen – Nærøyfjorden
- Friluftskart for Kvam, Kvam Herad 2004
- Turkart Kvamskogen og Bergsdalen, Ugland IT, 2006
- Klatrefører for Bergen, Bergen Klatreklubb, 2000
- Klatrefører for Bergen - boltede ruter, Bergen Klatreklubb, 2004
- Fjellturar i Kvam, Lasse A. Skeie, 2000
- Stølsturar i Kvam, Lasse A. Skeie, 2004
- Turløyper i Bergensområdet, Bergen Turlag, 1997
- Småbåthavner på Vestlandet, Bergens Tidende, 1989
- Friluftsområder i Bergensregionen, Bergen og Omland Friluftsråd, 2005
- Fotturer i Radøy
- Friluftskart for Voss, Voss kommune 2005
- Voss naturguide, Voss kommune 2005
- Turkart Hardangervidda, Ugland IT, 2001
- Turkart Stølsheimen Nærøyfjorden, Statens kartverk 1997

- Turkart for Tysnes, Tysnes kommune , 2002
- Kommuneplan Tysnes - arealdelen, 2003-2015
- Tur og opplevingskart Austrheim, Austrheim kommune, 1994
- Kommuneplan for Austrheim - arealdelen 2000-2012
- Turar i Austrheim, Knut Langeland og Austrheim kommune 2002
- Nordsjøløypa i Hordaland, Hordaland fylkeskommune kultur og idrettsavdelinga 2005
- Turar i Lindås, Knut Langeland og Lindås kommune, 2005
- Fotturer på Askøy 2, Per Ove Askeland og Anders Bjarne Fossen, 2002
- Kommuneplan for Askøy kommune - arealdelen 2002-2014
- Kommuneplan for Austevoll kommune - arealdelen 2002-2013
- Utkast til kystzoneplan for Bergen, 2003
- Kommuneplanens arealdel Bergen kommune 2006-20117, høringsutkast 29. november 2006
- Kommuneplan Samnanger - arealdelen, 2004-2014
- Kommuneplan Sund - arealdelen, 2004
- Kom deg ut, brosjyre gjeve ut av Friluftsråda i Rogaland og Sunnhordland, 1999
- Kulturhistorisk vegvisar Etne, Etne kommune m.fl. 2001
- Postvegane i Hordland, Statens vegvesen og fylkeskonservatoren i Hordaland, 1997
- Spor, Haugesund turistforening gjennom 75 år, 2000
- Turkart Folgefonna nasjonalpark, Ugland IT, 2006
- Turkart Etne-Saudafjella. Ugland IT, 2005
- Turkart Hardangervidda. Ugland IT
- Turkart Hardangervidda Vest, Ugland IT, 2005
- Båtsporkart serie J, K og M, Ugland IT, 2005-2006
- Kystatlas Stord-Sula, C-map 2005
- Turkart Bømlo, OK Bømlo og Nordkart AS, 2006
- Turkart Stord, Naturvernforbundet på Stord, 2000
- Turguiden for Hordaland, Cox forlag, 2006
- Kommuneplan for Tysnes-arealdelen
- Kommunedelplan for idrett fysisk aktivitet og friluftsliv 2005-2008, Tysnes kommune
- Kommuneplan Sveio-arealdelen
- Kommuneplan Stord-arealdelen
- Kommuneplan Øygarden, arealdelen
- Kommuneplan Fusa, arealdelen
- Kommuneplan Bømlo, arealdelen
- Forslag til landskapsparker i Hordaland, Dirk Kohlmann Tvedt, landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordland
- KU-420 kV-ledning Sima-Samnanger, Statnett 2006
- Turkart Folgefonna nasjonalpark, Ugland IT, 2006
- Osterfjord fiske og friluftskart, Vaksdal kommune, 2000
- Turgleder i Granvin og Ulvik, Granvin og Ulvik herad, ikke datofestet
- Turkart Modalen og Stølsheimen, Modalen kommune, 2004
- Friluftskart Osterøy, Osterøy kommune, 1997
- Osterøy til fots – kulturhistoriske vandringer, Osterøy sogelag, 2003
- Turar i Modalen og Stølsheimen, Kenneth Ø. Monsen, 1999
- Fotturar i Masfjordfjella, Kenneth Ø. Monsen, 2000
- Naturhistorisk vegbok Hordaland, William Helland-Hansen, 2004
- Geologisk natursti i Bergsdalsfjella, Vaksdal kommune, ikke datofestet
- Toppturer i Norge, 133 flotte skifjell i hele landet, Fri Flyt AS, 2006
- 15 friluftspærlar i Nord-Rogaland og Sunnhordland, Nord Rogaland og Sunnhordland, 1998
- Lindåsslusene, Gunn Nordal, Hordaland Fylkeskommune – kulturseksjonen, 1999
- Ferie og fritidshavner. Havnetips for norskekysten. Gunnar Steen Iversen. Utgitt av Redningsselskapet 2001.

Vedlegg 3



Regionale friluftsområde i Hordaland.

Regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland - eigenskapstabell

NYID	NAT	KOMMUNE	AREAL	LOK	OMRÅDE	OMRÅDETYPE	VERDSETTING	BRUK	REG_NAS	OPPLEV	SYMBO	EGNET	INNG	POT	TILR	TILGJ	VERDI
1247-1	SS	Askøy	975	1	Eidsviki	Strandsona	C: Registrert	2	2	3	2	3	3	4	3	3	3
1247-10	SS	Askøy	19865	10	Fauskangsvågen og skitri	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	4	3	3	3	3	3	3	1
1247-11	SS	Askøy	13358	11	Herdla	Strandsona	A: Svært viktig	5	5	4	4	4	3	3	3	3	1
1247-12	SS	Askøy	1409	12	Berlandsøyyni	Strandsona	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-13	MA	Askøy	1315	13	Fromreide	Marka	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-14	SS	Askøy	7093	14	Oksen og Ystøyyni	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-2	SS	Askøy	14808	2	Skorpo og Færøy m.m.	Strandsona	A: Svært viktig	5	5	4	3	3	3	3	3	3	1
1247-3	MA	Askøy	1889	3	Follese marken	Marka	B: Viktig	3	3	3	2	3	3	3	3	3	2
1247-4	MA	Askøy	506	4	Dyrdalsfjellet	Marka	B: Viktig	3	3	3	2	3	3	3	3	3	2
1247-5	MA	Askøy	4411	5	Kolbeinsvarden	Marka	A: Svært viktig	4	3	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-6	MA	Askøy	14882	6	Dronningen - Askevanten	Marka	A: Svært viktig	4	3	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-7	SS	Askøy	1949	7	Kollevåg	Strandsona	A: Svært viktig	5	5	3	3	3	3	3	3	3	1
1247-8	MA	Askøy	11083	8	Ospåsen	Marka	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1247-9	SS	Askøy	2417	9	Skotnes	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-1	UO	Austevoll	3186	1	Storekalsøy	Utfartsområde	A: Svært viktig	4	4	5	4	4	3	4	3	3	1
1244-10	SS	Austevoll	1698	10	Haukanespollen	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-11	MA	Austevoll	13765	11	Loddo - Vardfjellet	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-12	SS	Austevoll	4460	12	Heimarkpollen	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1244-13	SS	Austevoll	7266	13	Busepollen	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-14	UO	Austevoll	2214	14	Blænes	Utfartsområde	A: Svært viktig	4	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1244-15	MA	Austevoll	16513	15	Kongsfjellet-Sælbjørn	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-16	MA	Austevoll	15481	16	Stolmen	Marka	A: Svært viktig	4	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1244-17	SS	Austevoll	17995	17	Møksterøyene	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-2	SS	Austevoll	3495	2	Navøyyni	Strandsona	A: Svært viktig	2	3	5	3	3	3	5	2	2	1
1244-3	SS	Austevoll	9336	3	Skår-Krossøyi-Sandtorr	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1244-4	SS	Austevoll	7247	4	Flatøy-Trælsøy	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-5	SS	Austevoll	6521	5	Horgo	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1244-6	SS	Austevoll	10830	6	Narøy-Ståløy	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-7	SS	Austevoll	6092	7	Geitøy-Lamøy	Strandsona	B: Viktig	3	4	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-8	MA	Austevoll	2606	8	Hundvåko	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1244-9	MA	Austevoll	1390	9	Birkeland	Marka	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	2	2	3
1264-1	SS	Austrheim	10012	1	Rongeværet	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	5	3	3	3	4	3	3	1
1264-10	SS	Austrheim	3067	10	Fosnstraumen	Strandsona	A: Svært viktig	4	5	5	4	4	4	5	4	4	1
1264-11	MA	Austrheim	1994	11	Hoplandskvernene	Marka	B: Viktig	3	2	3	3	4	3	3	3	3	2
1264-12	MA	Austrheim	475	12	Søre Njøta	Marka	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	2	2	3

Regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland - eigenskapstabell

1264-13	SS	Austrheim	8245	13	Austrheim sjø-syd	Strandsona	C: Registrert	2	3	3	3	3	2	3	3	2	3
1264-2	SS	Austrheim	12694	2	øyane området	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1264-3	SS	Austrheim	11954	3	Børilden	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	5	3	3	4	3	3	3	1
1264-4	SS	Austrheim	842	4	Vardetangen	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	5	3	3	4	3	3	3	1
1264-5	SS	Austrheim	7601	5	Solesjøen-Kilstraumen	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1264-6	MA	Austrheim	1498	6	Seteneset	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1264-7	MA	Austrheim	3120	7	Hammarsnuten	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1264-8	SS	Austrheim	10232	8	Austrheimvågen	Strandsona	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1264-9	SS	Austrheim	3723	9	Hoplاندsosen	Strandsona	B: Viktig	3	2	3	3	4	3	3	3	3	2
1201-1	MA	Bergen	62834	1	Byfjellene	Marka	A: Svært viktig	5	5	4	5	4	3	4	4	4	1
1201-10	SS	Bergen	463	10	Kongshavn	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	4	3	4	3	4	2
1201-11	MA	Bergen	563	11	Knappenfjellet	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	4	3	3	3	2
1201-12	MA	Bergen	3125	12	Storrinden	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	3	4	3	3	3	2
1201-13	SS	Bergen	12244	13	Ospøya og Eggholmen	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2
1201-14	SS	Bergen	2272	14	Kviturdspollen og Grimse	Strandsona	A: Svært viktig	5	4	4	3	4	3	4	3	3	1
1201-15	SS	Bergen	1971	15	Brandanaset	Strandsona	B: Viktig	3	3	4	3	4	3	4	3	3	2
1201-16	SS	Bergen	2773	16	Herøy - Steingardsvikane	Strandsona	B: Viktig	3	3	3	3	4	3	4	3	3	2
1201-17	MA	Bergen	2726	17	Skeisåsen	Marka	B: Viktig	3	3	3	3	4	3	4	3	3	2
1201-18	MA	Bergen	1672	18	Grimseidvannet	Marka	C: Registrert	3	2	3	2	4	3	2	3	3	3
1201-19	MA	Bergen	5048	19	Smøråsfjellet	Marka	A: Svært viktig	5	4	4	3	4	3	4	3	3	1
1201-20	SS	Bergen	3323	20	Korsneset	Strandsona	B: Viktig	3	3	4	3	4	3	4	2	3	2
1201-21	SS	Bergen	1294	21	Rishamn	Strandsona	A: Svært viktig	4	4	4	3	4	3	4	3	3	1
1201-22	MA	Bergen	2712	22	Fanafjell - Nordvika - Kro	Marka	A: Svært viktig	4	5	4	4	4	3	4	3	3	1
1201-23	SS	Bergen	10157	23	Kalandsvannet	Strandsona	C: Registrert	2	3	3	3	3	3	3	3	3	3
1201-24	SS	Bergen	3353	24	Hauglandsvatnet	Strandsona	B: Viktig	3	4	4	3	3	4	3	4	3	2
1201-25	SS	Bergen	10276	25	Myrdalsvannet	Strandsona	B: Viktig	3	3	4	3	3	4	3	4	3	2
1201-26	UO	Bergen	9709	26	Myrdalsvatnet - Kubakka	Ufartsområde	A: Svært viktig	5	4	4	3	3	3	3	3	3	1
1201-27	UO	Bergen	26251	27	Totland - Bontveit - Livar	Ufartsområde	A: Svært viktig	4	4	4	3	3	3	3	3	3	1
1201-28	UO	Bergen	25385	28	Gullfjellet - Redningshytte	Ufartsområde	A: Svært viktig	5	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1201-29	SS	Bergen	4910	29	Nordåsvannet	Strandsona	A: Svært viktig	5	4	4	4	3	3	3	3	3	1
1201-2a	MA	Bergen	3966	2a	Byfjellene Vest a	Marka	A: Svært viktig	5	5	4	5	4	3	4	3	3	1
